

Til medlemmene i Universitetets utdanningsutvalg

Forslag til dagsorden, møte i Utdanningsutvalget – Møte 2, 2024

Tidspunkt: 03. April, kl. 09:00 -12:00

Møtested: Solstrand

Forslag til dagsorden:

<i>Estimert tid</i>		
10	I Godkjenning av innkalling og dagsorden II Godkjenning av protokoll fra UU-møte 7. februar III Skriftlige og muntlige orienteringer fra utvalgsleder og administrasjonen	
45	Sak nr 7/24 <i>drøftingssak</i>	Ny UH-Lov - behov for justeringer i UiBs studieforskrift Presentasjon
15	Sak 8/ 24	Orientering om planer for opptaket 2024
20	Sak nr 9/24 <i>drøftingssak</i>	Orientering om studiestart og velkomstuke
10	Pause	
10	Sak nr. 10/24 <i>Orienteringssak</i>	Årsrapport fra studentombudet
20	Sak nr. 11/24 <i>Drøftingssak</i>	Rutiner rundt fastsetting av eksamen, og eksamen på påfølgende dager
45	Sak nr. 12/24 <i>Vedtaks sak</i>	Revidert kvalitetssystem for utdanning
5	Eventuelt	

Kommende saker

Mai

- Gjennomføring med fokus på studentaktivitet/faglig pedagogisk innhald
- Bredde i utdanningen, visedekanene for utdanning (HF/SV/PSYK) forslag til utdanningspakke
- Forum for utdanningsledelse
- Inforamsjonsside til studenter om eksportkontroll og identitetsforvaltning
- Sikkerhetsvurdering, opptak, restriksjoner mv. fra nærmere spesifiserte land.
- Utfyllende informasjon om tverrfaglige studieprogram
- Orientering om paner for opptaket
- Orientering om KUSK
- Orientering om Lærernes dag

Juni

- Emneutviklingsressursen
- Løypemelding om erfaringene med MOSO.

Årshjulsaker i Utdanningsutvalget i 2024

Februar: Videreføring/oppnevning av Studiekvalitetskomite

Februar: Revisjon av opptaksforskriften

April: UU-seminar

April: Årsrapport fra Studentombudet

Mai: Orientering om planer for opptaket

Juni: Tildeling av insentivmidler

Juni: Melding om internasjonalisering/Eksternfinansiering/CHARM

September: Gjennomgang av studentrekrutteringen

September: Studiestartuken /Velkomstuken

September: Studiekvalitetsmeldingen

September: Mangfold og inkludering + resultat av undersøkelsen

Oktober: Opptak og opptaksrammer

Oktober: Presentasjon av Studentparlamentets program

Oktober: Årsmelding fra Læringsmiljøutvalget

Oktober: Utdanningsutvalgets møteplan 2024

Oktober: Studieportefølje

Oktober: Olsens legat – Revidering av retningslinjer

Oktober: Forsinket sensur

Desember: Planer for velkomstuken neste studieår

Desember: UU sine prioriteringer for strategi i kommende kalenderår

Desember: Kriterier for insentivmidler

Desember: Studiekvalitetsseminar

UNIVERSITETET I BERGEN

Universitetets utdanningsutvalg

Ephorte:

Sak 7/24

**Ny UH-lov- behov for justeringer i UiBs
studieforskrift**

Orienterings- og drøftingssak

Til: Universitetets utdanningsutvalg
Fra: Studieavdelingen
Møte: 03.04.2024

Bakgrunn

[UiBs studieforskrift](#) blei vedteken i juni 2023 og er eit reglement som implementerer reglar frå [universitets- og høgskulelova](#), og som fastset ei rekke reglar knytt til studia ved UiB. Stortinget vedtok i februar 2024 ei ny universitets- og høgskulelov som skal gjelde frå 1. august 2024. Den nye lova, og erfaring knytt til praktiseringa av den nye forskrifta, gjer det nødvendig å gjere enkelte justeringar i forskrifta.

Til slutt blir enkelte forslag til endring som ikkje har like direkte samanheng med ny lov eller praktiseringa av den nye forskrifta. Punktet om regulering av fusk og dette er gjort nærare greie for nedanfor.

Enkelte av endringane er ei direkte følge av vedtaking av ny universitets- og høgskulelov:

- Tilvisingar til føresegnar i lova, som ikkje lenger vil vere riktige
- Styrking av norsk som undervisningsspråk i lova.
- Vedtaking av lengre sensurfrist, frå tre veker til femten verkedagar.
- Nye krav til talet sensorar

Nokre forslag kjem etter innspel frå brukarane av forskrifta og er meint for å oppklare eller gjere små justeringar. Det gjeld punkta om:

- Rettskriving og språklege justeringar
- Fastsetjing av utdanningsplan og tap av studierett.
- Åtvaringar ved forstyrrande åtferd
- Timeplanar
- Enkelte presiseringar knytt til blind sensur
- Samansetjing av bachelorgrad
- Eksamensforsøk

Medan andre punkt er meint som ei reell justering av UiBs forskrift:

- Pause og utsett studiestart
- Delegering av endringsmyndigheit
- Punktet om fusk passar i både første og siste kategori:
Grunnen til at fusk er aktuelt er delvis at Stortinget valte å *ikkje* regulere fusk nærare, og at både tilsette og studentar ønsker ei større grad av avklaring i UiB sitt regelverk.

Forslaga blir lagde fram i denne rekkefølga og med ei kort grunngiving. Ny forskriftstekst er markert i *kursiv* skrift medan forskriftstekst som vi foreslår å fjerne er markert med ~~gjennomstrekning~~ (der det er oppklarande).

Oppdatere tilvisingar til lov

Nokre endringar må gjerast fordi tilvisingane til universitets- og høgskulelova elles vil bli feil som følge av den nye lova. Det gjeld for forskrifta

Føresegn	Noverande tilvising	Ny tilvising
§ 4-5 (4)	«§ 4-7 (1) og (2) og § 4-8 (3)»	«§§ 12-4 og 12-5»
§ 5-2 (1) a	«§ 4-3 d»	«§ 10-6 (2)»
§ 5-4 (1)	«§ 4-3 c»	«§ 10-5»
§ 5-8 (1)	«§ 3-5e»	«§ 9-1»

§ 5-8 (1)	«§ 3-5 (3)»	«§ 9-3 (2)»
§ 5-9 (1)	«§ 3-5 (1), § 3-5a, § 3-5b og § 3-5f»	«§§ 9-2, 9-3 (1), 9-4 og 9-5 »
§ 8-1 (4)	«§ 4-8 (3)»	«§ 12-4 (3) og (4)»
§ 9-1 (3)	«§ 5-2 og § 5-3»	«§§ 11-8 til 11-10»
§ 9-6 (1)	«§ 5-3»	«§ 11-8»

Styrking av norsk undervisningsspråk

Stortinget styrkar norsk som undervisningsspråk i den nye universitets- og høgskulelova § 2-1 (3), som lyd:

«Undervisningsspråket skal være norsk eller samisk. Institusjonene kan gjøre unntak dersom det er faglig begrunnet.»

Den gamle lova hadde ikkje ei tilsvarande føresegn, berre det meir generelt og overordna ansvaret for «vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk» (som også er vidareført i den nye lova). Den nye føresegna krev at alle unntak frå norsk (eller samisk) som undervisningsspråk må grunngivast fagleg. Departementet utdjuar i førearbeida at undervisningsspråket er det munnlege språket som blir brukt i undervisinga, og elles at

«Det kan både være behov for permanente unntak, for eksempel når studieenheten innebærer opplæring i fremmedspråk eller retter seg primært mot internasjonale studenter, og midlertidige unntak, for eksempel når det sjølv er tilgang på norsk- eller samiskspråklige undervisere med den nødvendige fagkompetansen.»¹

For å følge opp denne lovendringa, bør noverande § 6-4 i UiB si studieforskrift endrast, på denne måten:

§ 6-4. Undervisningsspråk

Undervisinga på ~~obligatoriske emne på eit bachelorprogram~~ skal som hovudregel vere på norsk. Unntak krev fagleg grunngiving og må vere i tråd med universitetet sine språkpolitiske retningslinjer.

Kva for språk eit emne skal undervisast i blir fastsett av fakultetet i emneskildringa, jf. forskrifta [§ 2-3 \(2\) bokstav f](#). Det vil vere opp til fakultetet å sikre at unntak frå hovudregelen om norsk undervisningsspråk er grunngive fagleg, i samarbeid med det aktuelle fagmiljøet.

Departementet legg samstundes til grunn at slike unntak skal vere mellombelse, og det kan vere naturleg å vise til regjeringa sin [Handlingsplan for norsk fagspråk i akademia](#). Føresegna refererer til [UiBs språkpolitiske retningslinjer](#), og ein kan vanskeleg sjå føre seg at fakulteta ser bort frå eit slikt dokument som er vedtatt av universitetsstyret. Det er likevel verdt å merke seg at retningslinjene blei skrivne før det nye lovkravet, og opnar for engelskspråklege emne på andre grunnlag enn lova.

Med tida kan UiB vurdere å revidere dei språkpolitiske retningslinjene om utdanning, for å gi betre rettleiing til fakulteta, og skiljet departementet legg opp til i permanente og mellombelse unntak.

Sensurfrist – femten verkedagar

Stortinget innfører ved lovendringa ein ny hovudregel om sensurfrist – at det skal vere femten verkedagar i staden for tre veker. Endringa inneber at ein kan legge til for raude

¹ [Prop. 126 L \(2022–2023\)](#) (side 64).

kvardagar under sensurperioden. Dette vil gi ekstradagar når sensurperioden går over jul, påske, dei raude dagane i mai, mv. Behovet for å bruke lengre tid i andre avsnitt kan vere ved sjukdom hjå ein eller fleire sensorar, tekniske problem, og liknande.

Forslaget går ut på å implementere regelen om sensurfrist i UiB si studieforskrift, slik at ein går bort frå dagens frist på tre veker.

Lova legg også opp til at unntak frå sensurfristen kan handsamast på ein annan måte. Etter dagens lov er det «styret selv» som kan vedta lengre sensurfristar. Ei slik formulering inneber eit delegeringsforbod som no er tatt bort. Det er ikkje hensiktsmessig at saker som i praksis kan gjelde sjukdom hjå ein enkeltsensor skal handsamast av universitetsstyret, så det er positivt at slike avgjersle kan delegerast. Forslaget her legg opp til at det er universitetsdirektøren som skal treffe slike vedtak, og bakgrunnen er hovudsakleg at det er Studieavdelinga som sakshandsamar slike søknader.

Ny § 9-5 vil då lyde

(1) Vanleg sensurfrist er ~~første kvardag tre veker etter vurderinga femten verkedagar etter eksamenen~~ blei avslutta, i samsvar med universitets- og høgskulelova § 11-7 (4) ~~§ 3-9 (4)~~.

(2) *Direktøren for Studieavdelinga kan vedta forlenging av sensurfristen dersom særlege grunnar gjer det nødvendig, jf. universitets- og høgskulelova § 11-7 (4).* Studenten skal få melding om forseinkingar i sensuren og om vedtak om forlenga sensurfrist ~~av universitetsstyret~~.

Krav til talet sensorar

Den nye lova inneheld ein regel om at eksamenar som åleine utgjer 15 studiepoeng skal ha to sensorar. Dette er bakgrunnen for ein ny bokstav a i forslaget (sjå nedanfor).

Forslaget inneheld også ei justering av forskrifta som ikkje direkte har samband med lovendringa. Nemleg har kravet om to sensorar vore knytt til enkelte eksamensformer (munnleg eksamen og liknande) i UiB si forskrift, medan kravet er knytt til spørsmålet om *etterprøvbarheit* i lova. Altså – dersom studenten ikkje kan klage på karakterfastsetjinga (klage på karakteren), så skal det vere to sensorar.

Som regel er det samanfall mellom eksamensforma og etterprøvbarheita, slik at skilnaden mellom lova og UiB-forskrifta ikkje er til stades. Dette er dels endra når UiB inkorporerte praktiske, utøvande og skapande eksamenar under same regelen. Dersom eksamensforma inneber innlevering av podcast-episode, til dømes, så vil det kome innanfor kravet om to sensorar (UiB-forskrift) og likevel ha klagerett etter lova. Dette kan skape uønskte insentiv om å late vere å prøve ut nye eksamensformer på grunn av kostnaden.

Forslaget går ut på å bruke lova sitt system, og knytte kravet til talet sensorar til etterprøvbarheita, sjå endringar i bokstav b.

Forslag om å endre § 9-8 andre avsnitt slik (heile bokstav a er ny):

(2) I desse tilfella krevst det minst to sensorar:

- a) *eksamenar som åleine utgjer 15 studiepoeng,*
- b) ~~munnleg, praktisk, utøvande og/eller skapande eksamen~~ *eksamenar som ikkje lar seg etterprøve,* der minst ein av sensorane som regel skal vere eksterne,

- c) sensur av masterprosjekt, der minst ein av sensorane må vere ekstern og
- d) klagesensur, der minst ein av sensorane må vere ekstern.

(3) Fakultetet kan i utfyllande reglar setje eigne reglar for talet på sensorar, så lenge dei er strengare enn første avsnitt. Dersom det ikkje er ekstern sensor ~~på munnleg, praktisk, utøvande og/eller skapande~~ eksamen *nemnd i andre avsnitt bokstav a*, må ordninga godkjennast av fakultetet basert på ekstern fagfelle si evaluering av vurderingsordninga.

Rettskriving og liknande

Ordet «redelegheit» blir endra til «reielegheit» i §§ 1-1 (1) bokstav c, og 4-3 (1) bokstav a.

Forskrifta § 9-6 (2) viser til ei anna føresegn i same forskrift, nemleg «§ 7-3». Føresegna skal eigentleg vise til «§ 7-5», og det bør derfor endrast.

Fastsetjing av utdanningsplan og tap av studierett

Forskrifta inneheld ei føresegn om justeringssamtale i § 4-6 fjerde avsnitt. Etter føresegna skal fakultetet varsle alle studentar med eit etterslep på 30 studiepoeng eller meir, på eit gitt tidspunkt kvart år. Fakultet og student skal deretter saman bli einige om korleis utdanningsplanen skal vere.

Eit etterslep på 30 studiepoeng er ikkje i seg sjølv grunnlag for tap av studierett. Etter den tidlegare UiB-forskrifta var det likevel slik at ein student som lot vere å ha dialog med instituttet/fakultetet i ein slik situasjon kunne tape studieretten. Dette inneber at ein student i ytste konsekvens må delta på eitt møte for å halde på studieretten. Det har ikkje vore meininga å endre på dette i den nye UiB-forskrifta.

Ei rekke sakshandsamarar (mv.) har melde inn at koplinga mellom tap av studierett og justeringssamtale er svakare i den nye forskrifta. Grunnen er delvis at ein må sjå tre føresegner i samanheng (§§ 4-5 (1) bokstav a, 4-3 (2) bokstav d og 4-6 (4)). Grunnen er også at måten dette er regulert på inneber at ein student oppdaterer og godkjenner ein utdanningsplan til dømes i midten av januar. Vedkomande kan etter nokre månader få melding om at utdanningsplanen likevel ikkje er gyldig og at studieretten kan trekkast tilbake. Dette kan vere forvirrande for både sakshandsamar og student.

Med denne bakgrunnen foreslår vi ei ny § 4-5 (1) bokstav b, som skal sjå slik ut:

- (1) Fakultetet kan trekke tilbake studieretten dersom studenten:
 - a) ikkje oppfyller krava etter § 4-3 (2) eller § 4-4,
 - b) *ikkje bidrar til å fastsetje utdanningsplan i samsvar med § 4-6 (4),*

Noverande bokstav b til g blir justerte tilsvarande.

Åtvaringar ved forstyrrande åtfærd

§ 12-5 i lova vidarefører kva for formelle reaksjonar UiB kan vedta for å oppretthalde eit godt arbeids- og læringsmiljø i møte med personar som ikkje oppfører seg på ein god måte. Andre avsnitt gjeld ein situasjon der studenten oppfører seg på ein måte som er «grovt forstyrrande». Reaksjonsapparatet til UiB vil då vere å først vedta ei åtvaring om bortvising, deretter bortvising, og til slutt utestenging inntil eitt år. For kvar reaksjon gjeld det nye vilkår om mellom anna (ny) grovt forstyrrande åtfærd.

Medan vedtak om høvesvis bortvising og utestenging skal vedtakast av UiBs sentrale klagenemnd, så kan åtvaringa delegerast. Forslaget legg opp til å legge denne myndigheita

til universitetsdirektøren, i tråd med gjeldande praksis. Åtvaringa har i seg sjølv ingen rettsverknader for studenten.

Ny § 4-8 kalla «Forstyrrende åtferd»

Universitetsdirektøren vedtar åtvaring om bortvising ved grovt forstyrrende åtferd, jf. universitets- og høgskulelova § 12-5 (2).

Timeplanar

Enkelte sakshandsamarar har forstått UiB-forskrifta slik at tidsfristen for timeplanen også gjeld for kontinuasjonseksamenar. På frist-tidspunktet vil det ikkje vere klart om det skal haldast kontinuasjonseksamen, og forslaget går ut på at kontinuasjonseksamen blir eksplisitt haldt utanfor fristen for timeplan, i § 6-1 (7):

Litteraturlister og timeplanar for emna skal publiserast på universitetet sine nettsider innan 1. juli for haustsemesteret og 1. desember for vårsemesteret. Dette gjeld ikkje for tidspunkt for kontinuasjonseksamen, som blir publisert så snart som råd.

Enkelte presiseringar knytt til blind sensur

Endringa presiserer at klagesensuren skal vere blind, med mindre han går til ny vurdering ved fråvik på to karakterar eller meir. Dette er ei presisering av ordninga som gjeld etter lova.² Forskrifta § 9-9 vil i så fall lyde slik:

(1) Ved klagesensur ~~bør~~ skal klagesensorane ikkje opplystast om karakteren, grunngivinga i den vanlege sensurrunden eller studentens grunngiving for klage (blind klagesensur). Klagesensorane bør få ei revidert sensorrettleiing der den emneansvarlege gjer greie for erfaringane frå den opphavlege sensurrunden.

2) Dersom det er fråvik på to karakterar eller meir mellom vanleg sensur og klagesensuren, skal fakultetet gjere ei ny vurdering, jf. uhl. § 11-11 (3). I denne deltek ein av dei opphavlege sensorane, ein av klagesensorane og ein tredje sensor utpeika av fakultetet. *Slik ny vurdering skal ikkje vere blind.*

Samansetjing av bachelorgrad

Føremålet med endringa er todelt: For det første er det eit ønske om å vise til samanhengar mellom vedtaket om oppretting av universitetsstyret (§ 3-1), innhaldet i studieplanen (§ 2-2), og samansetjinga av grada (§ 10-3).

For det andre har det vist seg at enkelte bachelorgrader på UiB ikkje inneheld noko sjølvstendig arbeid slik som skildra i § 10-3, og som andre føresegner i forskrifta skal vere utarbeidd under rettleiing (sjå § 6-7). Formuleringa har derfor ført til nokon grad av usikkerheit i fagmiljøa det gjeld, om gyldigheita av eigne grader.

Forslag om å endre forskrifta § 10-3 slik at ho lyd:

(1) Bachelorgrada blir tildelt på grunnlag av samansetjing vedteken i samsvar med §§ 2-2 og 3-1. Ho skal ha 180 studiepoeng og inkludere: treårige studieprogram (180 studiepoeng), med desse minstekrava:

- a) examen philosophicum, 10 studiepoeng og
- b) spesialisering, minst 90 studiepoeng, som normalt inkluderer eit sjølvstendig arbeid på minst 10 studiepoeng. Kravet om sjølvstende er ikkje til hinder for at fakultetet kan

² [Klage på sensur av masteroppgave – om studentens begrunnelse for klage inngår i sakens dokumenter ved tredjegangsvurderingen - Sivilombudet](#)

fastsetje i emneskildringa at to eller fleire studentar kan eller skal samarbeide om eit bachelorprosjekt.

(2) Bachelorgrader i utøvande og skapande kunst, musikk og design er på 180 eller 240 studiepoeng. Dei blir tildelte på grunnlag av samansetjing vedteken i samsvar med §§ 2-2 og 3-1 vedtatt av fakultetet for kunst, musikk og design.

Pause og utsett studiestart

For nye studentar som ikkje kan starte på første semester på lågare grad finst det no tre ordningar. Reservasjon (grunnlagt, via Samordna opptak), permisjon (grunnlagt), og pause frå studiar (utan grunnlagt). Dei to sistnemnde ordningane har søknadsfrist 1. september, medan reservasjon har søknadsfrist frå tre veker etter avlagt ja-svar, og dermed i tidsrommet 15. august til 15. september, avhengig av når tilbodet blei gitt. Slik retten til pause frå studia er formulert i dag, så er det dårleg harmonisert med opptaksforskrifta sin regel om reservert studieplass i § 7-1 første avsnitt. Den lyd:

«Tildelt studieplass kan reserverast til neste gong det er opptak til studiet dersom det ligg føre dokumenterte, tungtvegande grunnar. (...)»

I tilfelle der studentar ønsker pause frå studiane det første semesteret, er det ein fordel om desse søker om reservert studieplass i staden for (grunnlagt) permisjon eller pause frå studia (utan grunnlagt). Studentar som får innvilga reservasjon av studieplass får ikkje studierett, men dei får ei tilbodsgaranti for opptak eitt eller to år fram i tid på studieprogrammet. Dette er enklare å administrere fordi dei ikkje er aktive ved UiB i fråverperioden, og at det er enklare å ta omsyn til når vi set tilbodstal i hovudopptaket.

Reglane om permisjon er rettar etter lova, og ein bør derfor vere svært varsam med å gjere innhogg i retten. Dette gjeld ikkje for pause frå studia, som er ein UiB-rett. Forslaget går ut på at rett til pause frå studia utan grunnlagt først gjeld frå semester nummer to:

§ 5-3. Pause frå studia

(1) Studentar på bachelorprogram, integrerte masterprogram og profesjonsstudia har rett til pause frå studia utan grunnlagt i to semester.

(2) Retten etter første avsnitt gjeld frå semester nummer to. Pause inneber at studieretten knytt til det aktuelle studieprogrammet blir suspendert. Pause blir innvilga for eitt eller to semester om gongen og studieretten blir utvida tilsvarende i tid.

Eksamensforsøk

I føresegna om eksamensforsøk blir det foreslått to endringar, i høvesvis tredje og fjerde avsnitt. Endringa i tredje avsnitt gjeld moglegheita for fakulteta til å vedta ei avgrensing i eksamensforsøk i emne som inneber praksis og liknande. Dagens forskrift innskrenkar talet *eksamensforsøk*, medan forslaget også legg til *gjennomføringar*.

Dagens forskrift passar bra i dei tilfella der praksisen (mv.) er definert som eksamensforsøk. Men for dei emna der praksis er ein obligatorisk undervisningsaktivitet, og eksamenen er eit refleksjonsnotat, så vil innskrenkinga om to eksamensforsøk ikkje treffe med føremålet: Det ein då ønsker å innskrenke er deltaking i obligatorisk undervisningsaktivitet.

Om praksisen er definert som obligatorisk undervisningsaktivitet eller som eksamen har veldig lite innverknad på kor mykje praksisen kostar.

Endringa i fjerde avsnitt bokstav b er for å klargjere kva studenten kan søke om. At slike unntak kan givast for eit fjerde eksamensforsøk (eller tredje for praksisemne med avgrensing) verkar naturleg på grunn av implikasjonane dette kan ha for gjennomføringa av studia. Unntak frå andre avsnitt inneber ei opning for at studentar kan levere beståtte masteroppgåver på nytt, og dette har vore eit ønske frå enkelte fagmiljø.

Det blir derfor gjort forslag om endringar i § 8-1 tredje og fjerde avsnitt:

(1) Studentar har tre eksamensforsøk i kvart emne. Avgrensinga gjeld sjølv om emnet har skifta namn eller emnekode, og sjølv om studenten har fått nytt opptak.

(2) Bachelor- og masterprosjekt utan bestått resultat kan leverast på nytt éin gong. Bachelor- og masterprosjekt med bestått resultat kan ikkje leverast på nytt.

(3) Fakultetet kan i emneskildringa eller i utfyllande regelverk vedta at det ikkje er høve til meir enn to eksamensforsøk og/eller gjennomføringar i emne som

- a) inneber praksis,
- b) inneber feltarbeid,
- c) inneber tokt eller
- d) er utøvande eller skapande.

(4) Fakultetet:

- a) kan i utfyllande reglar vedta unntak frå hovudregelen om tre forsøk for studentar som allereie har bestått resultat i emnet,
- b) kan gjere unntak frå første til tredje avsnitt i einskildtilfelle etter søknad frå studenten,
- c) skal fastsetje innleveringsfrist for ny levering av bachelor- og masterprosjekt utan bestått resultat etter andre avsnitt. Fristen kan ikkje vere kortare enn tre månader frå sensuren er kunngjort og ikkje lengre enn eitt år frå den opphavlege fristen og
- d) skal etter søknad tillate ny levering av bachelor- og masterprosjekt etter utestenging som følge av fusk, med mindre fusket er av ein karakter som gjer det umogleg. Fakultetet skal sjå til at fusket er retta opp. Studenten kan ikkje levere før etter utestengingsperioden er over, jf. universitets- og høgskulelova § 4-8 (3).

Delegering av endringsmyndigheit

Forslag om nytt andre avsnitt i § 1-3 om delegasjon, som skal lyde:

§ 1-3. Delegering

(1) Organa som har avgjerslemyndigheit etter denne forskrifta, har høve til å delegere myndigheita vidare til underordna organ så lenge det ikkje er presisert at avgjersla må treffast av organet sjølv.

(2) *Rektor kan vedta mindre viktige endringar i denne forskrifta. Slike endringar kan berre gjerast etter høyring hjå fakulteta og Studentparlamentet ved UiB. Universitetsdirektøren skal rapportere slike endringar til styret.*

Forslaget svarar til det som gjeld for opptaksforskrifta til UiB. Bakgrunnen er at svært mange endringar blir gjort for å oppdatere i samsvar med regelendringar frå sentrale myndigheiter (lov og sentrale forskrifter), eller for å gjere mindre justeringar. I begge tilfella vil saka vere dårleg eigna for styrehandsaming fordi endringane er på eit detaljnivå som styrerepresentantane ikkje bør utsetjast for, og fordi styret i mange tilfelle ikkje har noka innverknadsmoglegheit.

Praksisen med å sende endringsforslag på høyring skal likevel halde fram, og forslaget understrekar at Studentparlamentet er blant instansane som *skal* høyrast, saman med fakulteta.

Ny føresegn om fusk

Då studieforskrifta til UiB blei utarbeidd var det ei forventning om at fusk skulle definerast nærare av Stortinget. Stortinget har abdisert i dette spørsmålet, samstundes som dei legg til grunn at institusjonane skal einast om ein definisjon. UHR har tatt initiativ til å samordne definisjonen av fusk i sektoren. For å sikre at fagmiljøa og studentane på UiB blir høyrde, er det viktig at UiB også har ein ryddig intern prosess om dette.

I kjølvatnet av mediasakene om fusk, som ikkje stammar frå UiB, har det vore ein del merksemd om kva fusk er og bør vere. SA har mottatt fleire spørsmål knytt til fusk, og som regel er spørsmålet om eit gitt tilfelle fell innanfor fuskeomgrepet eller ikkje, og spørsmåla kjem frå både studentar og tilsette. I mangel på ein sentral regel ved UiB er det vanskeleg å gi god rettleiing om dette. Desse spørsmåla indikerer at både tilsette og studentane treng noko meir å innrette seg etter.

Høgsterett har avgrensa fuskehandlingar mot handlingar som «åpenbart» ikkje er tenlege til å gi ein fordel på eksamen (rettsstridsreservasjon). Til dømes vil nokon som har tilgang til ei handleliste på eksamen ikkje fuske, sjølv om slik tilgang objektivt sett er i strid med reglane om hjelpemiddel på den aktuelle eksamenen. Denne lovforståinga inneber at fusk er karakterisert ved eit regelbrot, som det er opp til institusjonane å definere. Altså kan ei handling vere fusk utan at det gir særleg fordel for studenten, men likevel slik at dei openbert ueigna handlingane fell utanfor.

Samstundes er det ikkje tvilsamt at UiB sjølv kan vedta rammene for fusk internt hjå oss. Forslaget, som blir lagt fram med føresetnad om ein breiare diskusjon i organisasjonen, har som føresetnad at ei slik forståing av fusk er for *vid*. Ny § 4-7 kalla «*Særskilt om fusk*», kan til dømes lyde:

(1) Fusk er ei handling som gir ein fordel på eksamen eller på ein obligatorisk undervisningsaktivitet, som bryt med:

- a) reglane for gjennomføringa av aktiviteten eller eksamenen og*
- b) akademiske forventingar.*

(2) Reglane for gjennomføring, i første avsnitt, kan mellom anna vere:

- a) manglande tilvisingar,*
- b) brot på eksamensreglementet,*
- c) ikkje tillate samarbeid, hjelparar eller hjelpemiddel og*
- d) jukselappar og liknande.*

(3) I vurderinga av om ei handling er fusk skal UiB ta omsyn til nivået til studenten. Vurderinga skal gjerast i lys av opplæringa studenten har fått i tilvisingsteknikk og akademisk reielegheit.

Forslaget inneber ei todelt vurdering, der ein i bokstav a vurderer om ei handling bryt med ein handlingsregel ved eksamen (eller undervisning), der døme på slike handlingsreglar er lista opp i andre avsnittet. Det er ein føresetnad at forholdet gir ein eller annan form for fordel. På desse punkta vil UiB vere på linje med Høgsterett sin definisjon.

For det andre vurderer ein om denne handlinga bryt med akademiske forventingar (bokstav b). Dermed blir dei akademiske forventingane innlemma i kva som karakteriserer fusk ved

UiB. Føremålet er å gi betre rettleiing i grensetilfella, og særleg for plagiat og gjenbruk av eigen tekst.

Fakultetet kan til dømes kome til at studenten har brukt tekst om att på ein måte som er i strid med reglane om tilvisingar, til dømes i innleiinga. I eit slikt tilfelle må UiB vurdere om tilfellet bør handterast gjennom fagleg tilbakemelding (til dømes i sensuren), eller om saka skal førast som fuskesak. Kor vidt handlinga bryt med akademiske forventingar er eit betre vurderingstema, og vilkåret viser til ei *fagleg* vurdering av dette.

Eit vurderingstema knytt til om handlinga *openbart* ikkje er tenleg til å gi ein fordel, kan få som konsekvens at regelbrot blir omfatta sjølv om fagmiljøa ikkje anerkjenner handlinga som klanderverdig. SA understrekar at fakulteta utviser godt skjønn om dette, også i dag.

Tredje avsnitt i forslaget viser til UiB sitt ansvar for opplæring om tilvisingsteknikk og akademisk reielegheit. Den viser også til at det faglege nivået til studenten er relevant for kva som er den mest tenlege måten å reagere på for UiB. Dersom forslaget blir sendt på høyring, så er det nærliggande å oppmode relevante juridiske fagmiljø til å uttale seg.

Sak 8/24 Orientering om planer for opptaket 2024

Orienterings- og drøftingssak

Til: Universitetets utdanningsutvalg
Fra: Studieavdelingen
Møte: 3. april

Bakgrunn

Saken inneholder rutiner for gjennomføring av det samordna opptaket og masteropptaket, samt milepælsplaner og beskrivelser av årets endringer i opptakskrav og praksis. Saken inneholder også en beskrivelse av opptak til etter- og videreutdanning, endringer og nye studietilbud.

Som vedlegg til saken foreligger:

- Utfyllende informasjon om opptaksrunder og prinsipper for gjennomføring
- Milepælsplaner for det samordna opptaket og masteropptaket

Det samordna opptaket

For studieåret 2024/2025 lyser UiB ut 107 studieprogram i det samordna opptaket. Opptaksrammene ble fastsatt i Universitetsstyret, sak 96/23. Denne saken gjelder implementering av styrets vedtak og praktisk informasjon. Ansvar for gjennomføring er delegert fra fakultetene til Studieavdelingen (SA). KMD gjennomfører egne opptak til grunnstudier.

Det er ingen vesentlige nasjonale endringer i årets opptaksrunde. UiB har lagt ned følgende studieprogram i 2024:

- Bachelorprogram i nanoteknologi

UiB lyser ut følgende nye studieprogram i 2024:

- Integriert masterprogram i data science (sivilingeniør)

UiB lyser ut følgende nye søknadsalternativer/studieprogramvalg innenfor eksisterende studieprogram i 2024:

- Medisinstudiet, studiested Bergen og Stavanger (Vestlandslegen)

Følgende studieprogram lyses ut med nytt navn i 2024:

- Bachelorprogram i vær, hav og klimafysikk (tidligere Bachelorprogram i klima, atmosfære og havfysikk)

Informasjon til søkere:

Samordna opptak (SO)

Samordna opptak administrerer felles utsending av varsler og svarbrev til alle søkere.

- Varsler om frister og annen viktig informasjon på sms og e-post
- Opptaksbrev/svarbrev med studium- og lærestedsspesifikk informasjon, samt informasjon om politiattest og medisinsk testing for aktuelle studieprogram.

Studieavdelingen (SA)

Studieavdelingen lager plan for utsending av informasjon lages i samarbeid med fakultetene. Sentral koordinering er viktig for å sikre likebehandling og helhetlig informasjon til nye studenter. SA gjør også følgende:

- Innhenter informasjon fra fakultetene som skal inngå i opptaksbrevet fra SO.
- Sender varsel på e-post om mangler ved søknad som del av saksbehandlingen.
- Gir informasjon til nye studenter på studieprogramsidene.

Fakultetene

Fakultetene sikrer at informasjon knyttet til semesterstart og undervisningsform for høstsemesteret er oppdatert til enhver tid.

Informasjon til førstevalgssøkere – «fredningspakten»

Lærested som deltar i det nasjonale samordnede opptaket, godtar de retningslinjene som ligger til grunn for den praktiske gjennomføringen av opptaket. Her inngår at informasjon om lærestedene kun kan sendes til egne førstevalgssøkere i perioden mellom søknadsfristen (15. april) og hovedopptaket (20. juli). Dette er kjent som «fredningspakten», som i praksis betyr at ingen nivå ved UiB skal kontakte søkere som har andre lærested enn UiB som sitt førstevalg i denne perioden. Bakgrunnen er at antallet søkere på dette tidspunktet er kjent.

Masteropptaket

Masteropptak i denne saken referer til det sentraliserte opptaket til to-årig master. Opptak til masterprogram i utøvende musikk, kunst og design gjennomføres ved KMD med andre og tidligere frister, og refereres kun til i milepælsplanene i vedlegget. For studieåret 2023/2024 lyser UiB ut 91 søknadsalternativ på toårig master. Opptaksrammene ble fastsatt i Universitetsstyret, sak 96/23. Denne saken gjelder implementering av styrets vedtak og praktisk informasjon.

Ett masterprogram legges ned i 2024:

- Masterprogram i human ernæring

Nye studieprogram i 2024:

- Master of Laws (LL.M.) Programme in EU and EEA Law

Informasjon til søkere:

Studieavdelingen

- Sender varsel på e-post om mangler ved søknad som del av saksbehandlingen
- Sender svar på søknad på epost og opptaksbrev
- Koordinerer utsending av informasjon til nye internasjonale studenter

Fakultetene

- Svarer på henvendelser med faglige spørsmål
- Sender informasjon til egne studenter etter svarfristens utløp

Etter- og videreutdanning

Det jobbes kontinuerlig med utvikling av nye studietilbud for oppstart i 2024, i samarbeid med fagmiljøene og eksterne aktører. UiB lyser ut rundt 60 videreutdanningsemner for studieåret 2024-2025.

I porteføljen inngår

- emner som er åpent utlyst via UiBs nettsider
- emner med særskilt opptak via Utdanningsdirektoratets videreutdanningsordning for lærere
- emner utviklet eksklusivt for oppdragsgiver, med lukket opptak
- emner utviklet i samarbeid med eksterne aktører, med kvoter for deltakere fra disse i tillegg til åpen utlysning

Nye videreutdanningstilbud i 2024

- Erfaringsbasert master i offentlig forvaltning: Fellesgrad med NHH. Opptak til to nye emner med oppstart høsten 2024:
 - Forvaltningens europeisering (15 stp)
 - Prioritering og styring i offentlig sektor (15 stp)

- Erfaringsbasert master i krisepsykologi. Oppstart obligatoriske emner våren 2024 og nytt opptak til valgfrie spesialiseringsemner høsten 2024, inkl. det nyutviklede emnet
 - Personelloppfølging etter kritiske hendelser (15 stp)
- Erfaringsbasert master i gravejournalistikk. Nye emner i 2024:
 - Historiefortelling i et undersøkende prosjekt (10 stp)
 - Teknologi, kunstig intelligens og gravejournalistikk (10 stp)
- DIGI – Digital kompetanse for arbeidslivet. Deler av DIGI-emnepakken tilbys nå som videreutdanning for arbeids- og næringsliv, primært for små- og mellomstore bedrifter på Vestlandet. Tilbudet starter med to emner våren 2024 og økes til fire emner høsten 2024:
 - DIGI610 Fantastiske data (2,5 stp). 500 studenter V24
 - DIGI611 Algoritmer og programmering (2,5 stp). 400 studenter V24
 - DIGI612 IKT-sikkerhet (2,5 stp)
 - DIGI614 Kunstig intelligens (2,5 stp)

EVU-tilbud under utvikling, for oppstart sommer/høst 2024:

- FRONESIS: Videreutdanning i veiledning for fastleger som veileder medisinstudenter i praksis (10 stp)

VEDLEGG TIL PLANER FOR OPPTAK 2024

Det samordna opptaket

Forberedelse

- Universitetsstyret fastsetter opptaksrammene for grunnstudier.
- SA melder inn studieprogram som skal lyses ut gjennom Samordna opptak (SO).
- SA utarbeider stipuleringer for tilbudstall basert på tidligere års opptak. Stipuleringene tar høyde for frafall i første semester, slik at det ikke er ledige studieplasser på programmene i andre semester. Møtt-tall for andre semester er klare 1. februar.
- Basert på SAs stipuleringer eller egne vurderinger, fastsetter fakultetene rammer for antall tilbud som skal gis i opptaket, og melder disse til SA.
- SA registrerer tilbudstall hos SO.

Gjennomføring

Det gjennomføres to prøveopptak i forkant av hovedopptaket. Prøveopptakene baseres på tilbudstall og saksbehandling som er ferdig fra lærestedenes side på tidspunktet de blir gjennomført, men vil fortsatt ha en stor grad av reliabilitet. SA informerer fakultetene om antall tilbud som blir gitt, samt poenggrenser på bakgrunn av disse resultatene. Fakultetene får frist for å melde tilbake justeringer før neste opptaksrunde.

Etter at svarfristen går ut, orienterer SA fakultetene om antallet søkere som har takket ja til studieplass. Fakultetene melder tilbake om antall ekstra tilbud de ønsker å sende ut.

Nøkkeldatoer og milepæler i Samordna opptak 2024

Når	Hva	Ansvarlig
November	Opptaksrammer vedtas	Universitetsstyret
1. februar	Studier lyst ut gjennom Samordna opptak åpner for søking	SO
1. mars	Søknadsfrist spesielle søkerkategorier: <ul style="list-style-type: none">• Realkompetanse• Særskilt vurdering• Tidlig svar	SO
15. april kl. 23:59	Søknadsfrist ordinære søkere	SO
16. april kl. 12:00	Samordna opptak publiserer søkertallene for lærestedene til internt bruk	SO
